



BACHELOROPPGÅVE

Sjå meg og forstå meg

See me and understand me

Miriam Lyngset Christiansen

Kandidatnummer: 210

BLU3-1006

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag)

Barnehagelærarutdanning, Heiltid

Rettleiar: Merete Nornes-Nymark

Innlevert 07. januar 2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1*.

Fortell meg

Fortell meg
at jeg er noe,
at jeg kan noe,
at jeg betyr noe.

Fortell meg det

Ikke fortell meg
det jeg gjorde,
eller det jeg kunne gjort,
eller det jeg burde eller skulle gjort.
Nei, ikke fortell meg det.

Fortell meg heller
at jeg er noe
at jeg betyr noe.

Fortell meg heller det.

Jeg trenger det, skjønner du.
Jeg trenger det så sårt
Jeg trenger en søyle av trygghet
å lene meg mot gjennom livet.
Jeg trenger det, skjønner du,
for det er så værhardt å leve.

Av av Ragnhild Bakke Waalen

Innhold

1.0 innleiring.....	3
1.1 bakgrunn for val av tema.....	3
2.0 Teori.....	4
2.1 Utagerande åtferd	4
2.2 personalet si rolle i møte med utagerande barn.....	5
2.3 Å sjå barnet.....	6
2.4 Inkluderande fellesskap	7
2.5 Kartlegging av utagerande barn.....	8
3.0 Metode.....	10
3.1 Val av metode.....	10
3.2 Val av informantar.....	11
3.3 Pilotstudie	11
3.4 Gjennomføring av intervju.....	12
4.0 Empiri.....	13
4.1 Utagerande åtferd	13
4.3 Korleis oppstår den utagerande åtferda?.....	15
4.4 Inkluderande fellesskap, ekskludering og stigmatisering	15
4.5 Tiltak, kartlegging og tverrfagleg samarbeid	16
5.0 Drøfting	17
5.1 Samanhengen mellom omgrepene utagerende åtferd og viktige element for å skape ein god barnehagekvardag	17
5.2 Korleis oppstår den utagerende åtferda?.....	18
5.4 Tiltak, kartlegging og tverrfagleg samarbeid – kva er konsekvensane av personlet sine synspunkt og prioriteringar?.....	21
6.0 Avslutning	24
8.0 Vedlegg 1: Informasjonsskriv	26
9.0 Vedlegg 2: Pilotstudie	29
10.0 Vedlegg 3: Intervjuguide til ordinært intervju.....	30

1.0 innleiing

I denne bacheloroppgåva skal det undersøkjast korleis personalet i barnehagen arbeider med barn med utagerande åtferd. Personleg har eg hatt ei spesiell interesse for barn som utfordrar meg gjennom deira reaksjonar og væremåtar. Gjennom praksis og arbeid har eg vore vitne til utagerande barn og syns det har vert krevjande å gå fram i situasjonen. Eg har erfart at tilsette i barnehagen ofte kjeftar og set strengare grensesetjing til det utagerande barnet. Vil dette alltid hjelpe? Korleis skal personalet gå fram dersom eit barn slår og ikkje høyrer etter?

1.1 bakgrunn for val av tema

Rammeplanen for barnehagen (2017, s. 7) skriv at ein god barndom er viktig i seg sjølv og for resten av livet. Difor er det viktig at vaksne som jobbar med barn eller utdannar seg til det, har kompetanse om korleis arbeide for at utagerande barn får ein god kvardag (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7). Opp igjennom åra har det vore forskjellige nemningar på vanskar i samspelet mellom barn og omgivnadar (Holland, 2013, s. 16). I dag brukast ofte nemninga emosjonelle eller sosiale vanskar (Holland, 2013, s. 16). Emosjonelle og sosiale vanskar er to svært omfattande kategoriar og kan delast opp i to hovudgrupper: innagerande og utagerande vanskar (Holland, 2013, s. 16). Dette tilsvrar at tilsette må ha kunnskap om generell åtferd, korleis åtferdsvanskar utviklar seg, samt kva hjelp barn dreg nytte av (Holland, 2013, s. 16). Utagerande barn skapar ofte store utfordringar for omgivnadane ved at dei utagerar både fysisk og verbalt (Hoseth, 2018). Barns utrykk og reaksjonar har alltid ei årsak, og det handlar om å sjå barnet for den det er (King, 2015, s. 15). Der barn manglar ord og språk til å kommunisere om kjensler, behov og ønskjer, kommuniserar dei til vaksne gjennom handlingar (King, 2015, s. 15). Formålet med prosjektet er å få auka kunnskap rundt dette feltet. Det å skrive om utagerande åtferd i bacheloroppgåva, ser eg på som ein god moglegheit til å bli betre rusta og førebudd til å bli ein god barnehagelærar.

Når barn opptrer utagerande, er det av stor betydning korleis tilsette trer fram, reagerer og kvar oppmerksamhetsfokuset deira er (King, 2015, s. 18). Personalet sine haldningar og handlingar er med å påverke barnet direkte. Ofte vil *vaksne* sine handlingar og uttrykk vere med på å *forsterke* barn si åtferd (King, 2015, s. 18). I andre situasjonar kan personalet bidra med å *redusere* kjensletrykket til barnet (King, 2015, s. 18). Gjennom tett arbeid med utagerande barn kan personalet vere med å hindre at dei utagerande handlingane og reaksjonane får utvikle seg (Fandrem & Roland, 2013, s. 25). Ut i frå temaet utagerande åtferd i barnehagen har oppgåva fått følgjande problemstilling:

«Korleis arbeider barnehagelærarar for at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?»

2.0 Teori

Denne delen av oppgåva vil ta føre seg relevant teori knytt til temaet utagerande åtferd. Kva kjenneteiknar utagerande barn? Og korleis forstå deira åtferd? Vidare kjem teorien inn på kor essensielt det er for utagerande barn å ha trygge, anerkjennande og gode relasjonar i barnehagen. Det fører oppgåva vidare til kva påverknad personalet har for at utagerande barn får ein god barnehagekvardag. Personalet i barnehagen har ei meiningsfull rolle og kan vere til stor forskjell for mange. Dei kan vere den hjelpa som kan betre eller endre forholdet i livet til mange barn (Kinge, 2015, s. 13). Avslutningsvis vil oppgåva ta føre seg nødvendigheita med eit inkluderande fellesskap i barnehagen. Her vil då omgrep som stigmatisering og ekskludering ha betydning.

2.1 Utagerande åtferd

Barn utfordrar personalet med sin kommunikasjon, veremåte, reaksjon og oppførsel (Kinge, 2015, s. 10). Nokon syns det er utfordrande med barn som testar grenser, er urolege, forstyrrear eller øydelegger, kalla utagerande barn (Kinge, 2015, s. 10). Andre syns det kan vere krevjande med barn som tek lite kontakt, er inneslutta og som er vanskeleg å kome inn på (Kinge, 2015, s. 10). Barn er på denne måten ikkje utfordrande, men kan utfordre tilsette (Kinge, 2015, s. 10). Dersom tilsette ser på sjølv barnet som utfordrande kan dette resultere i å bli eit stempel og stigmatisering av enkeltbarnet (Kinge, 2015, s. 10). Korleis kan personalet forstå barns åtferd og handle ut i frå ei slik forståing? Barns reaksjonar og åtferdsuttrykk kan betraktast som kommunikasjon (Kinge, 2015, s. 11). Å leve med store alvorlege belastningar kan for barn gi utslag av ei «irrasjonell» åtferd i form av utagerande reaksjonar og handlingar (Kinge, 2015, s. 13). Det er normalt å kjenne på kjensler som irritasjon og oppgittheit i slike situasjonar (Kinge, 2015, s. 10). Kva gjer personalet dersom dei ikkje lukkast med å kome inn på det utagerande barnet og den irrasjonelle åtferda blir verre? Er det alltid grensesetjing og tilsnakk som skal til? For kva er eigentleg grunnen til at eg får eit vanskeleg forhold til vetele Pål i barnehagen? Ved ei uheldig samhandling mellom meg og Pål er det *eg* som må endre meg (Kinge, 2015, s. 11). Eg kan ikkje endre nokon andre enn meg sjølv (Kinge, 2015, s. 11). Ei endring i haldning og innstilling, som er med å vise forståing i staden for å kjefte, kan skape ei endring i relasjonen mellom meg og Pål. Her kan Pål fange opp min positive energi slik at han får ei større motivasjon til eigeninnsats og samarbeid via ei støttande relasjon, kontra kritisk relasjon (Kinge, 2015, s. 11). Betyr dette då at personalet skal slutte med åtferdsregulerande tiltak som konsekvensar, grensesetjing og liknande? Som oftast gjeld prinsippet «ja takk, begge deler» (Kinge, 2015, s. 19). Grensesetjing er med på å skape tryggheit, medan grenselausheit gir inga tryggheit

(Kinge, 2015, s. 19). Å arbeide med saker som utfordrar personalet kjenslemessig, er krevjande og vanskeleg (Hansen, 2014, s. 6). Det utfordrar tilsette både på eit profesjonelt, medmenneskeleg, etisk og personleg plan (Hansen, 2014, s. 6). Vidare er det stor risiko for å gjere feil (Hansen, 2014, s. 6). Når tilsette handlar i affekt, kan dei ofte oppstre som uprofesjonelle (Hansen, 2014, s. 7). Det tener ingen, og i verste fall klarar ein ikkje hjelpe det utagerande barnet, men bidreg til å gjere situasjonen verre (Hansen, 2014, s. 7). Difor kan ei endring av haldning og innstilling hjå personalet vere avgjerande for det utagerande barnet si utvikling, verdi, tru på eiga meistring og sjølvverd (Kinge, 2015, s. 11). Vidare er dette nødvendige grunnlag inn mot neste fase når barnet skal uttrykke ønskjer, behov og kjensler (Kinge, 2015, s. 11).

Den utagerande åtferda blir ofte definert som ei åtferdsvanske (Drugli, 2013, s. 18). Det som kjem før den irrasjonelle åtferda er alle opplevingane og erfaringane som barnet har i bagasjen sin. Døme på utagerande utslag er sinne, raserianfall, krangling, valdelege handlingar, øydelegging og sosiale vanskars (Drugli, 2013, s. 146). Når barn har vanskars med å regulere åtferda si, kan dette vere noko som går over av seg sjølv, eller det kan vere eit teikn på at barnet er i ferd med å utvikle ein intens problematikk som kan påføre barnet store og alvorlege belastningar (Drugli, 2013, s. 5). Når barn opplev at dei aldri blir sett eller høyrt, kan nokon trekke seg eller gi opp, medan utagerande barn kan resultere i å lage mykje kaos rundt seg i håp om å bli sett (Kinge, 2015, s. 15). Utbrota til utagerande barn kan vere ekstreme og kome som torevær frå klar himmel. Det er viktig å presisere at det er stor variasjon frå barn til barn korleis ei slik åtferd kjem til syne (Drugli, 2013, s. 72). Når eit barn slår, er det ei åtferd som ikkje gir mening utan kontekst (Hoseth, 2018). Vidare må personalet analysere kva samanheng åtferda førekjem i, for å deretter undersøkje kva som kan gjerast (Hoseth, 2018). All åtferd til barn har ei årsak, og det er eit språk tilsette må lese (Sollesnes, 2018, s. 35). Dette leiar oppgåva vidare til personalet si rolle i møte med utagerande barn.

2.2 personalet si rolle i møte med utagerande barn

Barnehagen er ein kunnskapsorganisasjon der kunnskapen personalet sit med, har alt å seie for sjølve barnehagertilbodet (Holland, 2013, s. 17). Eit verdifullt omgrep er bevisste vaksne (Holland, 2013, s. 17). Bevisste vaksne kommuniserer og samhandlar godt med barna (Holland, 2013, s. 17). Dei har forståing for at det er den vaksne sitt ansvar for å skape god relasjon (Holland, 2013, s. 17). Den vaksne kan vere med å påverke og endre fastlåste situasjonar. Dersom personalet ikkje er ein del av løysinga, så er dei ein del av problemet (Holland, 2013, s. 17). Å vere ein god oppdragar og ein bevisst voksen er ikkje berre noko som er medfødd (Holland, 2013, s. 17). Ein framstilling av dette som genetisk bestemt og som ikkje let seg påverke, er feil (Holland, 2013, s. 17). Det er fullt mogleg å utvikle seg og byggje opp ferdigheter for utvikling av relasjonar mellom tilsette og barn (Holland,

2013, s. 18). Profesjonell relasjonskomptanse er viktig i alt mellommenneskeleg arbeid (Sollesnes, 2018, s. 17). Igjen er kommunikasjon heilt avgjerande for sjølve relasjonen (Sollesnes, 2008, s. 19). Trygge og gode relasjoner er faktorar for at barnet utviklar god sosial kompetanse (Drugli, 2013, s. 122). Den sosiale utviklinga heng godt saman med den emosjonelle utviklinga (Drugli, 2013, s. 122). Desse har ei primær rolle hjå utagerande barn med tanke på funksjon, utvikling og sosialt samspel med andre barn (Drugli, 2013, s. 120). Å ha god sosial kompetanse er med å styrke samarbeidsevner og for å unngå åtferd som er til skade for seg sjølv eller andre (Drugli, 2013, s. 121). Utagerande barn treng ofte å lære betre sosiale problemløysingsstrategiar, då dei har ein tendens til å ikkje velje hensiktsmessige strategiar (Drugli, 2013, s. 128). I staden for å ordne opp i problemet som har oppstått, vil utagerande barn ofte setje i gang nye problem med å skrike, øydeleggje og springe vekk (Drugli, 2013, s. 128). Personalelet bør arbeide med trygge rammer, relasjonsbygging og kommunikasjon (Drugli, 2013, s. 129). Vidare kan dei fremje utagerande barn sin sosiale kompetanse. Det vil vere nødvendig at personalelet reflekterer over seg sjølv, og trer fram som gode rollemodellar (Kinge, 2015, s. 20). Dette fordi barn vil observere den vaksne i naturlege situasjonar og ta lærdom av korleis den vaksne spontant løyser konfliktar og problem (Drugli, 2013, s. 129). Vidare i vil nøkkelord som vennskap, haldningar, kjensler, tankar og det å vere gode med kvarandre, spele inn i arbeidet med utagerande barn.

2.3 Å sjå barnet

I situasjonar med barn som syner utagerande åtferd krev det at personalelet har refleksjon og bevisste profesjonsetiske haldningar (Tholin, 2015, s. 56). Rammeplanen for barnehagen pålegg personalelet å arbeide bevisst med haldningar og handlingar slik at makta blir utøvd på ein god måte i relasjon med barnet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15). Det betyr at personalelet i barnehagen sit med ei stor makt, og at denne makta ikkje må bli misbrukt (Tholin, 2015, s. 89). Barnehagelæraren har til dagleg ansvar for mange barn i ein hektisk kvardag. I den hektiske kvardagen er det bestandig situasjonar som tilsette må velje eller prioritere (Tholin, 2015, s. 89). Eksempelvis kva barn som spesielt må bli observert (Tholin, 2015, s. 90). Barnehagelæraren må til ei kvar tid vurdere behovet til det enkelte barnet (Tholin, 2015, s. 89). Personalelet kan bli trigga på det emosjonelle når enkeltbarnet opptrer med trass munnbruk og valdelege handlingar (Kinge 2015, s. 21). Motreaksjonen til personalelet kan ofte vere frustrasjon, høgłydt kjefting og strengare grensesetjing (Kinge, 2015, s. 21). Frustrasjonen tek rett og slett over og tilsette kan kjenne seg irritert (Kinge 2015, s. 21). Der barnet føler det får skuld, blir avvist eller kritisert, vil ei indre kjensle av avmakt og einsemd kunne forsterke barnet si åtferd (Kinge, 2015, s. 18). Vidare i arbeidet vil det vere nødvendig at personalelet har felles haldningar til åtferda (Drugli, 2013, s. 154). Ved å drøfte dette i team kan ein kome fram til felles strategiar, tiltak og metodar (Drugli, 2013, s. 154). Det er avgjerande om personalelet jobbar likt opp mot denne

problemstillinga (Drugli, 2013, s 154). Nokre gonger kan det vere nødvendig å nytte timeouts, også kalla tenkje pausar, i arbeid med utagerande barn (Alver, 2019). Slik kan barnet få ei indre ro i kropp og sjel, samt tenkje over handlingane det har utført (Alver, 2019). Elles er nærliek og god grunnbemanning viktige nøkkelord (Johansson & Johannessen, 2015). Utagerande barn treng nærliek, tid og nok tilgjengelege tilsette (Johansson & Johannessen, 2015). Ikke fordi barna er utrygge, men fordi det krev meir av ein voksen å observere og hjelpe eit barn som primært uthykker seg på andre måtar enn andre barn (Johansson & Johannessen, 2015). Med god bemanning kan det vere hensiktsmessig å dele barnegruppa opp i mindre grupper (Johansson & Johannessen, 2015). Små grupper gir meir oppmerksamheit, nærliek og er ein faktor for psykisk helsefremjing hjå barn (Johansson & Johannessen, 2015). Fleire tilsette betyr fleire øye som tidligare kan fange opp nødvendige observasjonar av det utagerande barnet (Johansson & Johannessen, 2015).

Eit område personalet i barnehagen bør fokusere opp mot, er overgangen frå barnehage til skule (Fandrem & Roland, 2013, s. 26). Denne overgangen kan vere svært krevjande for barn. Tidleg innsats i barnehagen kan vere med å hjelpe det utagerande barnet med å gjere overgangen til skulen lettare, men det kan også bety å betre systema innanfor barnehagen og skulen (Fandrem & Roland, 2013, s. 29). Open og aktiv kommunikasjon med skulen og sentrale aktørar før overgangen kan vere verdifullt (Fandrem & Roland, 2013, s. 26). Vidare kan enkeltbarnet få auka krav når det til dømes gjeld respektfull åtferd, konsentrasjon og emosjonskontroll. Dette viser nødvendigheita av at det blir etablert samarbeidsrutinar mellom barnehage og skule, då alle barn, men spesielt utagerande barn treng tett oppfølging denne fasen (Fandrem & Roland, 2013, s. 26). Tidleg innsats blant barn med vanskar er eit grunnleggjande element i sentrale offentlege dokument som barnehagelova og rammeplanen for barnehagen (Fandrem & Roland, 2013, s. 26). Det tilsvrar at personalet i barnehagen må ha kunnskap rundt dette feltet, samt eit systemretta arbeid (Fandrem & Roland, 2013, s. 27). Systemretta arbeid handlar om å kome fram til ein best mogleg forståing av kva vanskane hjå eit barn består av, gjennom å ta i bruk kunnskap frå andre fagområder og aktørar (Fandrem & Roland, 2013, s. 27). Det kan vere å betre relasjonen mellom barnehage og skule eller relasjonen mellom barnehage og barnevern (Fandrem & Roland, 2013, s. 28). Målet med eit systemretta arbeid er å få ulike instansar til å arbeide nærmare kvarandre gjennom utveksling av erfaringar, som igjen sørger for at enkeltbarnet blir sett på fleire arenaer (Fandrem & Roland, 2013, s. 28).

2.4 Inkluderande fellesskap

Inkludering og fellesskap er verdiar og målsetjingar i institusjonar og offentleg oppvekstpolitikk (Gjertsen, 2013, s. 35). Barns utvikling frå avhengigheit av vaksne til sjølvråderett og inkludering i det

sosiale fellesskapet skjer i samspel med jamnaldrande barn (Gjertsen, 2013, s. 36). Barna går frå ein tilstand av identitetslausheit og avhengigkeit til å bli eit sosialt integrert individ. For at barn skal kunne meistre dette må det kunne oppretthalde identitet, psykisk, sosial og kulturell kompetanse (Gjertsen, 2013, s. 36). Leik og aktivitet ute er faktorar for trivsel og sosial kompetanse (Haagen, 2015). Vidare gir uteområdet meir areal å boltre seg i (Grande, 2019). Rammeplanen for barnehagen legg fram at personalet skal arbeide for eit inkluderande fellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19). Det tilsvrar at alle barn skal kunne erfare å vere meiningsfulle for fellesskapet og vere i eit positivt samspel med barn og tilsette (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19). Eit inkluderande fellesskap handlar også om at barn får medverke i eiga kvardag. Ute kan barn trekke seg tilbake aleine eller i mindre grupper (Grande, 2019). Å aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap er primært (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19).

Utagerande barn kan ha vanskar med relasjonar til jamnaldrande på grunn av den negative åtferda dei utførar (Drugli, 2013, s. 125). Vidare kan utagerande barn bli ekskludert i leik ettersom andre barn trekk seg vekk. Konsekvensen med å ikkje bli inkludert i det sosiale fellesskapet kan føre til at det utagerande barnet får endå dårlagare evner til å regulera åtferda og kjenslene sine (Drugli, 2013, s. 125). Likeeins kan det føre til dårlagare sjølvregulering (Amundsen, 2017). Det er avgjerande at barnehagen har eit inkluderande fellesskap som gir åtferds- og kjenslemessig støtte til sosial og fagleg læring (Narum, 2016). Det er ikkje berre jamnaldrande barn som kan ekskludere (Drugli, 2013, s. 142). Når barnehagetilsette opplev utagerande barn som krevjande eller utfordrande, kan dette føre til mangel på inkludering og i verste fall ekskludering. Grunnen kan vere at tilsette ikkje taklar, forstår eller veit korleis dei skal handtere barna (King, 2015, s. 10). I den hensikt kan utagerande barn få kjensla av å bli avvist, som igjen kan gi konsekvensar for sjølvverd og sosial utvikling (Drugli, 2013, s. 142). Varme og trygge vaksen-barn relasjonar i barnehagen er assosiert med positiv tilpassing på alle områder (Drugli, 2013, s. 142). Dette fordi nærliek, tryggleik og inkludering frå personalet vil fremje ei trygg relasjon mellom det utagerande barnet og den tilsette (Drugli, 2013, s. 142). Å ha ei støttande og inkluderande relasjon til personalet er ein av dei viktigaste vernefaktorane til barnet si læring og utvikling (Drugli, 2013, s. 142). Av den grunn er relasjonskvaliteten mellom det utagerande barnet og tilsette noko som bør takast svært alvorleg.

2.5 Kartlegging av utagerande barn

Barns åtferd kan ha så mange grunnar (King, 2015, s. 12). Det er ikkje lett å forstå kvar dei irrasjonelle handlingane og reaksjonane kjem frå. På barnehagetrinnet må ein ofte leve med at årsaken til barns utagerande åtferd ikkje blir avklart (King, 2015, s. 92). Uansett årsak vil personalet

kunne bidra positivt til utagerande barn gjennom ei anerkjennande og empatisk tilnærming (Kinge, 2015, s. 92). Har ein som tilsett mistanke om ei problematisk og vedvarande åtferd, bør det takast seriøst (Drugli, 2013, s. 42). Drugli poengterer at tilsette i barnehagen har dårleg tid i arbeidet med utagerande barn (Drugli, 2013, s. 42). Dess tidligare ein set i gong avdekking, førebygging og tiltak, dess betre (Fandrem & Roland, 2013, s. 24)

Når personalet skal kartlegge utagerande barn må det takast omsyn til kor omfattande utageringa er, og korleis det kjem til syne (Drugli, 2013, s. 71). Det må komme til uttrykk når utageringa skal bli forstått, samt kva kartlegging og tiltak som skal iverksetjast (Drugli, 2013, s. 71). Barns åtferd kjem alltid til uttrykk i ein samanheng, og det må kartleggast både individuelle, kontekstuelle og relasjonelle faktorar (Drugli, 2013, s. 71). Eit nyttig verktøy for personalet kan vere å sortere den utagerande åtferda basert på nivå ut i frå alvorlegheitsgrad (Hoseth, 2018). Det kan vere ei god løysing for å kome fram til når ein burde setje i gang pedagogiske tiltak direkte, kontra ei åtferd ein må vente med eller leve med, fordi den er heilt normal (Hoseth, 2018). Det er forskjell på om barnet utviser utagerande åtferd av og til, eller om åtferda er av alvorleg art og avviker frå normalåtferd (Drugli, 2013, s. 72). Det vil vere viktig med gode nevrologiske utredningar av utagerande barn, som ofte BUP eller habiliteringstenesta tek seg av (Drugli, 2013, s. 71). I den hensikt blir barnet sine eigne føresetnadar grundig utreia (Drugli, 2013, s. 71). Å endre åtferda til eit barn er ei vanskeleg oppgåve (Holland, 2013, s. 13). Holland (2013, s. 13) seier barnehagertilsette bør arbeide opp mot eit systemteoretisk perspektiv. Dette perspektivet legg vekt på situasjonen «her og no» og moglegheita for endring (Holland, 2013, s. 27). Tidligare hendingar kan ha stor betydning for åtferda det utagerande barnet gir uttrykk for (Hoseth, 2018). Fortida får ein ikkje gjort noko med, medan «her og no» situasjonen kan ein gjere mykje med (Hoseth, 2018). Endringar i åtferd hjå utagerande barn byggjer på endring i barnets omgivnadar. Ein kan seie at det er inga si «skuld» at enkeltbarnet synar ei utagerande eller aggressiv åtferd, men det er personalet si oppgåve i å bidra til å finne løysningar (Hoseth, 2018). Når personalet opplev eit barn med alvorleg utagerande åtferd har pedagogiske leiar ansvar for godt samarbeid og kommunikasjon med foreldre i tidleg fase (Hoseth, 2018). Har barnet same åtferd heime? Vidare i arbeidet må personalet vurdere om andre instansar skal involverast (Drugli, 2013, s. 88). Kompetanse med omsyn til tiltak og kartlegging vil variere på ulike nivå frå kommunar. Det kan vere nødvendig at sjølve barnehagen eller kommunen fokuserer på å byggje opp kompetansen på å kartleggje utagerande barn (Drugli, 2013, s. 88). Kommunar har ofte minst like god kompetanse som BUP og treng kanskje ikkje vidareføre barnet til andre instansar (Drugli, 2013, s. 89). Med alt tatt i betraktnsing vil alvorleg utagerande åtferd ofte likevel krevje meir kompetanse enn det ein vanlegvis finn i barnevern, helsestasjonar med meir (Drugli, 2013, s. 89). Det er av stor betydning at barnehagen trekk inn aktuelle fagpersonar i assisterande tiltaksarbeid eller kartleggingsarbeid

(Drugli, 2013, s. 89). PPT kan fungere som ein rettleiarar for å evaluere og avdekkje om enkeltbarnet bør bli tilvist til BUP (Drugli, 2013, s 89). Utagerande barn som ikkje får hjelpe dei treng, kan ha auka risiko for å utvikle ulike formar for psykiske vanskar, valdeleg åtferd, rusproblem, droppe ut av skule, vanskar med å skape relasjonar og arbeidsliv i vaksen alder (Drugli, 2013, s. 12). Barnehagen står i ei særstilling når det gjeld å avdekkje kva barn som treng hjelp og støtte, samt kva grad det er behov for eit tverrfagleg samarbeid (Drugli, 2013, s. 175).

3.0 Metode

Ei bacheloroppgåve er eit omfattande prosjekt som krev å ha ein god innsamlingsmetode (Dalland, 2017, s. 51). Sosiolog Vilhelm Aubert har blitt sitert i mange samanhengar der han formulerar metode som «en framgangsmåte, et middel til å løyse problemer og komme fram til ny kunnskap» (Aubert, 1985, s. 196). Metoden kan vere ein modell som har styrt undersøkinga, og seier noko om kva slags «briller» forskaren har betrakta materialet gjennom (Rognsaa, 2018, s. 36). Ein skil mellom kvalitative og kvantitative metodar (Dalland, 2017, s. 52). Grunngjevinga for å velje éin bestemt metode er at akkurat den eignar seg til å belyse problemstillinga på best mogleg måte. Kvalitativ metode blir som regel uttrykt i form av ord og tekst, medan kvantitativ metode føreligg i form av tal eller andre variablar (Dalland, 2017, s. 52). Kvalitativ innsamlingsmetode tek sikte på å fange opp opplevelingar, erfaringar og meininger som ikkje let seg måle eller talfeste (Dalland, 2017, s. 52). Begge desse orienterte metodane bidreg på kvar sin måte til ein betre forståing av verda og samfunnet vi lev i, og av korleis grupper, institusjonar og enkeltmennesker samhandlar (Dalland, 2017, s. 52).

3.1 Val av metode

Denne bacheloroppgåva vil gå djupare inn i temaet for å få belyst problemstillinga: *Korleis arbeider barnehagelærarar for at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?*. Det er hensiktsmessig å ta utgangspunkt i den kvalitative metoden då den vil fange opp opplevelingar og erfaringar kring utagerande åtferd i barnehagen. Innanfor den kvalitative tilnærminga finst det fleire datainnsamlingsmetodar (Dalland, 2017, s. 53). Ut i frå problemstillinga vil bacheloroppgåva legge vekt på eit kvalitativt forskingsintervju. Eit intervju kan bli utført via telefon eller ansikt til ansikt (Dalland, 2017, s. 53). Intervjuet blir gjennomført ansikt til ansikt då det etablerer ei sterke relasjon og meir openheit rundt spørsmåla. Samstundes kan ein observere kroppsspråk og ansiktsuttrykk til informanten. Kvalitativ metode som observasjon og intervju vil pregast av forskarens personlegheit (Dalland, 2017, s. 65). Sidan intervjugersonen er sjølve *instrumentet*, vil til dømes evna til å oppnå kontakt og relasjon med intervjugersonen vere verdifullt. Difor er det nødvendig å vise korleis intervjugersonen kan ha påverka arbeidet (Dalland, 2017, s. 65).

Ei kvalitativ form for undersøking har både sterke og svake sider (Jacobsen, 2017, s. 62). Dei sterke sidene ved denne undersøkinga er at ein kan få innblikk i informanten sine verkelege oppfatningar, meningar og tankar. Difor kan det fort bli etablert ei sterk relasjon mellom intervjuaren og informanten (Jacobsen, 2017, s. 62). Det svake med kvalitativ metode er at det kan vere krevjande å tolke svara ein sit att med, då eit intervju vil by på mange ord og setningar i forhold til den kvantitative metoden (Jacobsen, 2017, s. 62). Vidare vil datainnsamlinga til den kvalitative metoden vere vanskeligare å organisere på ein oversikteleg måte (Jacobsen, 2017, s. 63). Det handlar i stor grad om å ta vare på det som blir sagt, samt sikre seg mot missforståingar. Dalland (2017, s. 63) seier at intervjuaren og den som blir intervjuet er saman om å produsere ny kunnskap. Ei anna svak side med den kvalitative metoden er gyldigheita (Jacobsen, 2017, s. 64). Utfordringa kan vere at andre personar seier seg ueinige med informasjonen (Jacobsen, 2017, s. 64). Ettersom denne bacheloroppgåva er basert på eit kvalitatittivt forskingsintervju av ein styrar og to pedagogiske leiarar, kan gyldigheita vere ei svakheit med denne undersøkinga.

3.2 Val av informantar

Val av intervupersonar har konsekvens for kva ein ønskjer å vite meir om eller finne ut av (Dalland, 2017, s. 75). Denne bacheloroppgåva fokuserer på personar som har bestemt kunnskap eller erfaringar knytt til utagerande åtferd i barnehagen. Oppgåva byggjer på eit strategisk val av intervupersonar (Dalland, 2017, s. 75). Det kvalitative intervjuet siktar mot å gå i djubden, som tilsvrar at talet av intervupersonar ikkje kan vere for stort (Dalland, 2017, s. 76). På grunn av pandemisituasjonen vi er i, vart det sendt e-post til intervupersonane istadenfor direkte oppmøte. E-posten inneholdt eit infoskriv som var konkretisert med at anonymisering og tausheitsplikt skulle ivaretakast (vedlegg 1). Informantane fekk anledning til å lese kva temaet omhandlar, samt tenkje seg om og vart friare til å takke nei enn dersom det hadde verte teke kontakt direkte (Dalland, 2017, s. 75). Alle informantane syns temaet verka svært spennande og takka ja til å delta.

3.3 Pilotstudie

Før ordinære intervju, vart det gjennomført ein pilotstudie med ein assistent som har arbeidd med barn i tretti år, der tjue av dei er erfaring frå barnehage. Pilotstudien førte til gode, gjennomtenkte og konstruktive svar. Intervjuguiden til pilotintervjuet (vedlegg 2) vart ei god rettesnor til ordinære intervju (vedlegg 3). Det vart oppdaga i etterkant av pilotstudie at ikkje alle spørsmåla var like tydelege og gav gode nok svar inn mot problemstillinga. Det understrekar viktigheita av å gjennomføre eit prøveintervju/pilotstudie før ordinært intervju (Dalland, 2017, s. 64). Likeeins får ein ei innføring i det kvalitative forskingsintervjuet, kva som kjenneteiknar eit slikt intervju og kva som var bra eller mindre bra med spørsmåla ein har utarbeidd (Dalland, 2017, s. 64). Denne

bacheloroppgåva hadde positiv effekt av å gjennomføre eit prøveintervju, då det råda til djupare refleksjon (Dalland, 2017, s. 64). Det vart sikra at spørsmåla gav resultat innanfor dei områda som skulle kartleggast. I arbeidet med bachelor har rettleiar ei viktig rolle. Eg har underveis hatt fagleg drøfting og god dialog med rettleiar. Dette har ført til betre kvalitetssikring, samt sikra motivasjon i det vidare arbeidet.

På pilotstudie vart det nytta lydopptak. Det tek vare på alt som blir sagt og fangar opp nyansar i stemmeleie og språk (Dalland, 2017, s. 85). Lydopptaket får ikkje med seg kroppsspråket til informanten, som gjer at intervjuaren må observere samtalens underveis og notere det som skjer (Dalland, 2017, s. 85). Med lydopptak får intervjuaren friare hender til å skrive ned kommentarar, notere kroppsspråk og andre tolkingar av informanten (Dalland, 2017, s. 85).

3.4 Gjennomføring av intervju

Intervjuguiden vart ikkje sendt på førehand til intervupersonane, då det var ynskje om å få ekte og spontane svar der og då. Intervjuet med styrar varte i 40 minutt, medan intervjuet med dei to pedagogiske leiarane varte i 30 og 35 minutt. Under alle intervjuene vart det notert observasjonar. Etter intervjuet blei det reflektert over informasjon og inntrykk då det sat ferskt i minne (Dalland, 2017, s. 86). Viktige spørsmål under innsamlingsmetoden var: Korleis var stemninga under intervjuet? Korleis var forholdet rundt intervjuet? Var det noko som påverka samtalens tempo? (Dalland, 2017, s. 86).

Alle intervjuene vart gjennomført på informantane sin arbeidsstad. Det var naturleg å spørje om staden og arbeidsoppgåvene deira (Dalland, 2017, s. 83). Dette skapa eit driv over samtalens tempo og vi vart betre kjend og tryggare i våre roller. Før spørsmåla vart det spurt om det var noko intervupersonen lurt på før vi sat i gong. Det vart på førehand gitt beskjed om at det vart nytta lydopptak og ingen av informantane hadde problem med dette. Gjennom intervjuet var det viktig å vere tolmodig og la informantane få fullføre svaret før neste spørsmål (Dalland, 2017, s. 84). Å avbryte ein god forteljing for å spørje om eit årstal kan vere heilt øydeleggjande (Dalland, 2017, s. 84). Tolmod, å vere lyttande og engasjert var nøkkelord under intervuprosessen.

Avslutningsvis vart det spurt «er det noko eg burde spørje om, eller er det noko meir du meiner er viktig som eg ikkje har spurt om?». Grunnen til dette er fordi studentar ikkje alltid veit kva spørsmål som bør spørjast (Dalland, 2017, s. 83). Likeeins blir det vist respekt til informanten og det markerer kven som er eksperten (Dalland, 2017, s. 83). Etter alle intervjuene vart lydopptaka transkribert ordrett med fiktive namn og augeblikkeleg sletta etter avslutta datainnsamling. Ved å ta desse omsyna til

informantane sin sikkerheit, velferd og personvern, blei det vist respekt for informantanes menneskeverd og menneskerettigheitar (NOU 2005: 1).

4.0 Empiri

I denne delen av oppgåva blir resultatet frå dei tre intervjua presentert. Det vil bli nytta fiktive namn; Siv, Hedda og Martin av omsyn til anonymitet. Resultata vil bli knytt til problemstillinga: *Korleis arbeider barnehagelærarar for å trygge at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?* Resultata strukturerast i hovudkategoriane: 1) Omgrepet utagerande åtferd, 2) viktige element for ein god barnehagekvardag, 3) årsak til utagerande åtferd, 4) inkluderande fellesskap og 5) kartlegging og tiltak

Siv er utdanna barnehagelærar. Etter utdanninga har ho arbeidd i ulike stillingar innanfor spesialpedagogikk, barnehagelærar og pedagogisk leiar. Vidare utdanna ho seg til lærar og har arbeidd som rektor på Barneskulen i eit år. Dei siste fem åra har ho arbeidd som styrar i barnehage. Ho er særskilt opptatt og nysgjerrig på åtferda til barn.

Hedda har arbeidd i barnehage i tretti år. Ho har utdanning som barnehagelærar, samt teke eit år spesialpedagogikk. Dei siste fem åra har ho vore pedagogisk leiar for storbarsavdeling.

Martin er utdanna barnehagelærar og har arbeidd i barnehage i åtte år. No er han 100% pedagogisk leiar og har vore dette i fire år. Martin seier han arbeidar mykje med denne problemstillinga i barnehagen.

4.1 Utagerande åtferd

Kva er utagerande åtferd? Siv fortel utagerande åtferd kan vere så mangt, men assosierar utagerande åtferd med barn som vil sei meir enn andre. Ho seier mellom anna «utagerande barn klarar ikkje uttrykke seg på same måte som andre barn, difor treng dei hjelp til å få fram det dei meiner. Dei har vanskar med å styre seg. Det er vanskeleg å bruke normal som fellesnemning, men dei *normale* barna klarar å setje ord på kjensler, medan utagerande barn ikkje maktar å sette reiskap på det». Hedda fortel at «utagerande barn lev ut indre impulsar, tankar og kjensler utan å tenkje på konsekvensane det kan ha for seg sjølv eller andre. Ei *normal* åtferd er lettare å handtere og forstå seg på, medan utagerande åtferd er meir utover A4 arket». Hedda legg fram at det kan ligge mykje bak ei utagerande åtferd. Det kan vere ulike diagnosar eller neurologiske sjukdommar, seier ho. Vidare fortel Hedda at utagerande barn opptrer som urolege, forstyrrende og øydeleggjande ved å sparke, slå eller nekte å følgje reglar. Hedda opplev utagerande åtferd er eit omgrep som blir nytta i negativ

tyding. Martin forklarar at utagerande barn ikkje meistrar å regulere seg og hamnar utanfor toleransevindaugen sitt. Det er ei åtferd som ikkje er hensiktsmessig i situasjonen. Vidare seier han «barns åtferd har alltid ei årsak».

Siv har fleire erfaringar med utagerande barn. Ho beskriv utagerande barn i forskjellig grader, då det er ulikt korleis ei slik åtferd utspeglar seg. Som styrar har Siv i fleire tilfelle erfart at andre instansar som PPT, BUP og barnevern har blitt involvert. Hedda har på den andre sida lite erfaringar med dette i forhold til Siv. Hedda forklarar ho har erfart utagerande åtferd og barn som er diagnostisert med ADHD, men totalt sett har mengda vore lita. Martin har hatt ein del erfaringar med utagerande barn. Han legg fram at det har vore tett samarbeid med PPT og BUP, noko som har resultert i god kompetanseheving kring dette temaet. Likevel seier han «dette er eit stort omgrep som kan oppstå av særsmale mange grunnar som sorg, traume, omsorgssvikt med meir, så det er framleis mykje eg må lære om».

Som styrar tykkjer Siv det mest utfordrande med utagerande barn er å finne sjølve årsaka og forstå barnet rett. Siv fortel at ein i barnehagen har ei viss bemanning, normer og reglar, og desse er hovudsakleg ut i frå *normale* barn. Slik skal ein klare å sjå alle ut i frå eit visst nivå, og alle barna skal vere sikra ei forventa utvikling. Medan dei utagerande barna krev meir av personalet. Her belys ho at personalet ikkje har meir armar, auger og tid enn dei har. Siv forklarar vidare at «utagerande barn som treng ekstra mykje merksemd gjerne får det, men at det då kan gå ut over dei andre i barnegruppa. Ho presiserer nødvendigheita med at personalet er til stades for å fange opp kva utagerande barn ønskjer å seie, men at det ofte går på kostnad av barna som klarar seg. Martin trekk fram at arbeidet med utagerande åtferd kan vere krevjande. «Dersom tilsette har manglande forståing på kvifor denne åtferda oppstår må pedagogisk leiar rettleie personalet», seier han. Hedda sine svar samsvarar med Martin og ho poengterer at det kan vere utfordrande for omgivnadane å handtere enkeltbarnet på ein god måte. Ho seier «å møte det utagerande barnet på rett måte og finne ut av den indre motivasjonen for åtferda kan vere svært krevjande».

4.2 Viktige element for ein god barnehagekvardag

Alle informantane har eit sterkt fokus på eit bevisst og tydeleg personale som møter enkeltbarnet på ein god måte. Siv fastslår kor viktig det er å vere nok tilsette på jobb. Vidare trekk ho fram at barnehagen har merka stor endring i pandemien. Pandemien har ført til auka grunnbemanning. Oppdeling i kohortar inne og ute gjer at personalet er tettare på og fangar opp nødvendige observasjonar. Ho seier «eg er opptatt av å vidareformidle til personalet at det er avgjerande å bruke tid på åtferd og enkeltbarn innanfor kvar avdeling». Siv påpeiker at alle avdelingane i barnehagen har

kvar si bok for kvart enkeltbarn. Det gir dei oversikt over kva barn dei drøftar meir enn andre. Dette er ein faktor som sikrar alle avdelingane at alle barna er snakka om, og ikkje gløymer nokon. Siv legg fram at det er viktig å arbeide med sosial kompetanse, vennskap og kjensler. Dei to andre informantane samsvarar med Siv når det gjeld gruppedeling og eit bevisst personale. Hedda seier «det er nødvendig å ha gode og tydelege rutinar på avdeling, samt dyktige, rolege og kompetente tilsette. Det er viktig at personalet tek seg tid, lyttar og beheld roen. Å skape gode og trygge rammer basert på å vere raus». Vidare legg ho fram at tillit til det utagerande barnet er med å legge grunn for ein god relasjon. «Og det er her arbeidet med utagerande åtferd startar», seier ho. Martin trekk fram at «å støtte det utagerande barnet til å skape gode strategiar i ulike situasjoner er eit viktig element for ein god barnehagekvardag. Det vil seie strategiar i konfliktsituasjoner, komme seg inn i leik og liknande». Vidare framhevar Martin mykje det same som Siv og Hedda basert på personale, små grupper og rutinar. Han utdjupar at anerkjennande dialogar med enkeltbarnet er avgjerande. Av erfaring fortel Martin at empati og trygghet er nøkkelord i arbeidet med utagerande barn. Han legg til viktigheten med at personalet samkøyrr korleis dei ser på utagerande barn. Det omhandlar å følgje same handlingsplan og jobbe likt. Til slutt trekk Martin fram at det er primært med kompetanseheving i personalet knytt til observasjon og kartlegging.

4.3 Korleis oppstår den utagerande åtferda?

Kvar kjem den utagerande åtferda frå? Siv seier det ofte er noko barnet allereie kjem i barnehagen med. «Barnet kan ha diognosar som ADHD, psykiske vanskar, sorgreaksjon eller det kan vere forhold på heimefronten som til dømes skilsisse, negativt forhold til steforelder, därleg oppfølging med meir. Det kan vere så mangt». Hedda har same oppfatning som Siv. Vidare fortel Hedda at «det kan ofte vere at barnet berre treng oppmerksamheit eller kos. Men ein ting er sikkert og det er at barns reaksjonar og utrykk har alltid ei årsak». Martin er einig i fleire av punkta som Siv og Hedda presiserer. Tvert i mot seier Martin at «barnehagen kan vere ein faktor til utagerande åtferd hjå barn. Særleg basert på det sosiale miljøet og påverkingskrafta blant barn. Dette kan fort oppstå visst personalet har därleg oversikt over kva som tek føre seg på avdelinga. Vidare avklarar Martin at dette kan til dømes vere plaging, mobbing eller utnytting utan at nokon av personalet grip inn. Han fortel at dette kan vere element som kan gi barnet eit därleg sjølvbilde og ei irrasjonell åtferd. «Barn med därleg sjølvbilete ønskjer ofte sårt å få stadfesting og bli sett», seier han. Til slutt poengterer Martin at utagerande åtferd hjå barn kan oppstå ved manglande oppmerksamheit.

4.4 Inkluderande fellesskap, ekskludering og stigmatisering

Korleis kan ein jobbe opp mot eit inkluderande fellesskap i barnehagen? Siv legg fram at dei har eit auka fokus på å leggje til rette for inkluderande leik. Leiken er grunnlaget for barns læring og

utvikling. Ho fortel vidare at utagerande barn står i ei fare for å hamne utanfor barnehagens fellesskap. Siv har erfart at utagerande barn blir ekskludert av andre barn. Ho framhevar viktigheten av eit inkluderande fellesskap basert på utagerande barn sin sosiale kompetanse. Siv seier barnehagen fokuserer på at utagerande barn får vere mykje ute. «Her får dei nye impulsar, oppleving saman med andre og får ei indre ro i kropp og sjel», seier ho. Ho legg til at utagerande barn får herje meir ute og får moglegheit til å sleppe ut deira indre uro. Erfaringsmessig seier Siv at å vere ute er betre for utagerande barn. Til slutt legg ho til viktigheten av at personalet er tett på og tek gode observasjonar. I motsetning til Siv seier Hedda det ikkje er noko særleg forskjell på leiken inne eller ute. Vidare trekk Hedda fram at personalet må fange opp barn som blir ekskludert. «Visst ein ikkje fangar opp dette, kan utagerande barn få ei kjensle av å ikkje bli akseptert, som igjen kan vere ein faktor for at den aggressive åtferda utviklar seg og blir verre. Dette kan igjen gi utslag i eit därleg sjølvbilete», seier ho. I intervjuet med Martin kjem det same fram. Han påpeikar at det er mindre konfliktar i samspelet med barn ute enn inne. Han legg til at «utagerande barn ofte blir fjerna av fellesskapet for å få eit eige tilbod. Nokon blir teke ut aleine med ein voksen, medan andre blir plassert i mindre grupper. Ofte kalla timeout eller tenkjepause. Dersom ein gjer det for ofte, kan det resultere i at utagerande barn føler seg utanfor fellesskapet. Her må ein finne ein balansegang». Alle tre informantane har opplevd at utagerande barn blir ekskludert i leik av andre barn, og jobbar mykje med dette. Martin var den einaste som har erfaring med tilsette som opplev utagerande barn som krevjande eller slitsame. Nokre gonger så alvorleg at tilsette har gitt opp. Dette er noko som kan føre til mangel på inkludering og i verste fall ekskludering. Martin seier «det kjem ofte av at tilsette er slitne, ikkje forstår dei eller veit ikkje korleis dei skal gå fram. Slik får tilsette ei negativ innstilling, og blir ignorerande og avisande framfor det utagerande barnet». Martin avsluttar med å seie at kartlegging og tiltak kan vere ein risiko for stigmatisering av det utagerande barnet, og difor er det viktig at personalet jobbar likt.

4.5 Tiltak, kartlegging og tverrfagleg samarbeid

Som styrar seier Siv det er viktig å dele kunnskap og erfaringar frå kurs og opplevingar med resten av personalet. Ein har alle ulik personlegdom og det er nyttig å ta i bruk kunnskapen til kvar enkelt. Siv legg fram at barnehagen har eit godt apparat rundt seg. «Vi kan drøfte både anonymt og med namn i HSP møter der helsestasjonen og barnevern deltek», seier ho. Vidare seier Siv at dei har eit høgt fokus på å rettleie personalet på grensesetjing og tryggleik. Eit nyttig verktøy dei tek mykje i bruk er kos-sirkelen. «Heile personalet har fått ei innkøyring i kva dette går ut på fordi vi skal sjå på utagerande barn på nokon som vil seie noko, ikkje nokon som skal holde kjeft», seier Siv. Ho forklarar at leikmiljø og psykisk helse er noko barnehagen jobbar veldig mykje med. Elles seier ho at barnehagen har fokus på å kartlegge positive sider til utagerande barn, ikkje berre negative. Ho legg

til at «I enkelte tilfelle set vi inn ekstra personale i ein periode for å sjå om det gir resultat, men igjen spelar økonomi og kor mange ledige tilsette eg har å ta av». Siv har erfaring med barn som har vore utagerande fordi det skjuler noko. Her har barnevernet blitt kopla inn då dei har mandat til å gå inn i heimen og sjå korleis ting er der, og om denne åtferda kjem til syne i heimen. Hedda fortel ho har erfaringar med utagerande barn der barnevernet, BUP og PPT har vore inne. Vidare seier ho «slik har vi fått enda meir hjelp til å takle dette på ein god måte, og i nokre av tilfella har vi fått ekstra bemanning ein periode». Hedda slår fast at nokre gonger kan personalet handle raskare, og ikkje sitte på gjerdet å vente. «Tida går jo, både for barnet og omgivnadane», seier ho. Ho trekk fram at barnehagen har eit stort fokus på tryggheitssirkelen. Martin fortel at dei drøftar mykje i avdelingsmøter der alle får bidra med tankar og refleksjonar. Han har erfart det er viktig at avdelinga har ein pedagogisk leiar som tek ansvar for at det etablerast eit felles syn, samarbeid og oppfølging av det som har blitt bestemt. «I situasjonar der PPT og BUP er inne kan det vere nødvendig at heile personalet kan få tilbakemelding frå desse instansane. I ekstra vanskelege situasjonar har desse instansane delteke på avdelingsmøtene våre», seier han. Vidare fortel han at «tilsette fort lagar seg eit bilet av enkeltbarnet, og at det primært at avdelinga samkøyrer korleis dei ser på barnet. Martin framhevar at dei som arbeider i barnehage må vite kva dei sjølv har kompetanse og myndigkeit til å utføre, og kva som skal overlastast til andre. «Tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg samarbeid spelar inn i arbeidet med utagerande barn. Slik kan foreldre kjenne seg trygge på at barnet deira får den hjelpa og oppfølginga det treng», legg han til. Til slutt seier Martin at alle desse elementa er med på å gi utagerande barn ein god barnehagekvardag.

5.0 Drøfting

Denne delen av oppgåva skal finne svar på problemstillinga «*Korleis arbeider barnehagelærarar for at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?*» Problemstillinga vil bli drøfta ut i frå empirien og i lys av teori og forsking innanfor feltet.

5.1 Samanhengen mellom omgrepet utagerande åtferd og viktige element for å skape ein god barnehagekvardag

Alle informantane beskriv omgrepet utagerande åtferd på ein god måte. Alle er tydelege på at det er eit vidt spekter og ulik grad korleis ei slik åtferd kjem til syne. Beskrivingane til informantane heng godt saman med korleis Kinge (2015) beskriv utagerande barn. Kinge definerer utagerande barn som testar grenser, øydelegg og forstyrrar (Kinge, 2015, s. 10). Holland (2013, s. 16) slår fast at utagerande vanskar ofte skapar utfordringar for omgivnadane med at barnet utagerar verbalt eller fysisk. Ei slik utagering kan vere valdelege haldningar, lugging, skriking og nekt for å følgje reglar, som samsvarar med det Hedda beskriv som utagerande åtferd (Holland, 2013, s. 16).

Alle informantane har auka fokus på personalsamarbeid, gode observasjonar og nok vaksne i arbeidet med utagerande barn. Dette argumenterast av Kinge (2015). Ho hevdar personalet må våge å bry seg, og at deira empati og evner til å anerkjenne barn sine utsynsmåtar er avgjerande i arbeidet (Kinge, 2015, s. 15). Med andre sin anerkjenning i ryggen er det utruleg kor langt ein kan strekkje seg (Kinge, 2015, s. 15). Og motsett: visst anerkjenning ikkje eksisterer, kan sjølv dei minste oppgåvene bli ei byrde (Kinge, 2015, s. 55). Det er i mange tilfelle ikkje utfordringane i seg sjølv som gjer det vanskeleg for oss i livet, men heller fråvær av bekreftelse og anerkjenning frå miljøet og menneske rundt (Kinge, 2015, s. 55). Informantane legg fram at god relasjonskomptanse er avgjerande i arbeidet med utagerande barn. Holland (2013) understrekar at utan god relasjon vil personalet mislykkast med å setje grenser, og ofte oppleve at åtferda blir vanskelegare (Holland, 2013, 116). Denne teorien byggjer på at tilsette som har god varme og god kontroll, altså god autoritet, vil som oftast ha god relasjon til barnet (Holland, 2013, s. 75). Likevel kan nok mange tilsette oppleve at det periodevis kan bli ein spent relasjon til barnet (Holland, 2013, s. 75).

Informantane legg vekt på at gruppedeling er svært viktig slik Johansson & Johannesen (2015) trekk fram som nødvendige element. Dei hevdar personalet må støtte kommunikasjonen mellom barna, slik at barna opplev at dei er ein del av fellesskapet. Dette krev nærliek og merksemd, og er lettare å skape i små grupper (J&J, 2015). Andre seier tvert i mot at inndeling av grupper kan vere stigmatiserandes og ekskluderande. Korleis blir gruppene fordelt? Får barna vere med å bestemme gruppene? Martin fortel det kan vere negativt at utagerande barn blir plassert i små grupper eller fjerna frå fellesskapet på grunn av den irrasjonelle åtferda. Er slike tenkjepausar eller timeouts nyttige verktøy? (Alver, 2019). Fleire barnehagar brukar tenkjepausar fordi det rett og slett blir oppfatta som det mest fornuftige å gjere i situasjonen (Alver, 2019). Forsking viser at det er nødvendig å gi barn klare instruksar på kva som er lov og ikkje (Alver, 2019). På den andre sida kan ei slik fjerning frå fellesskapet bli brukt på ein uheldig måte som kan føre til negative konsekvensar for det utagerande barnet (Alver, 2019). Enkelte barnehagar tek i bruk ein stol som barnet skal sitte på i slike timeouts etter ei utagerande handling. Som følgje av dette kan andre barn assosiere barnet på stolen som slemt eller ulydig (Alver, 2019). Vidare kan dette utvikle skamfulle kjensler hjå det utagerande barnet (Alver, 2019). I slike situasjonar er det viktig å belyse at reguleringsstøtte ikkje blir tilbydd, men heller ei form for straff (Alver, 2019). Det utagerande barnet føler vil då føle seg straffa (Alver, 2019).

5.2 Korleis oppstår den utagerande åtferda?

Martin og Siv seier arbeidet med utagerande barn kan vere vanskeleg. Årsaka til dette kan vere manglande forståing og kunnskap om kvifor åtferda oppstår (Sollesnes, 2018, s. 35). Kvar kjem

åtferda frå? I barnehagen må ein ofte leve med at årsaken til barns utagerande åtferd ikkje blir avklart (Kinge, 2015, s. 92). Sollesnes (2018, s. 35) skriv at utagerande åtferd kan både vere uoversiktleg og utforutsigbart å forstå seg på. Han hevdar at tilsette må sjå på barnets åtferd som eit signal om at det er noko i den faktiske situasjonen der og då, eller livssituasjonen, som barnet ikkje taklar (Sollesnes, 2018, s. 35).

Siv og Hedda legg fram at den utagerande og irrasjonelle åtferda som regel kjem frå barnet sjølv, familieforhold eller relasjonen mellom barn og heim. Det vil seie at dei i stor grad opplev at barna kjem til barnehagen med den utagerande åtferda i bagasjen sin. Ut i frå desse svara legg dei ikkje all «skuld» på barnet, men også på familierelaterte faktorar. Dette stemmer med synspunktet til Patterson (1982). Foreldre- og familierelaterte faktorar blir brukt som forklaringsvariablar på barns åtferd (Patterson, 1982, sitert i Drugli, 2013, s. 147). Dette er i tråd med forståinga av at utagerande åtferd hjå barn ofte kan utviklast i eit negativt samspel med foreldre (Patterson, 1982, sitert i Drugli, 2013, s. 147). Kinge (2015, s. 13) hevdar også at barn stadig utsettast for alvorlege overgrep, forsømmingar og store belastningar. Å leve med alvorlege belastningar kan for barn gi utslag i ei irrasjonell åtferd i form av utagerande reaksjonar. I motsetning til Siv og Hedda, seier Martin at barnehagerelaterte faktorar kan vere årsakar som kan bidra til utagerande åtferd, særleg basert på det sosiale miljøet og påverkingskrafta blant barn. I følgje Drugli (2013, s. 148) kan eit negativt miljø der barnets behov ikkje blir forstått og møtt, kunne utvikle åtferdsvanskar og vere faktorar for at vanskane blir forsterka. Å rette søkjelyset mot eiga arena, slik Martin gjer, fører til at personalet blir endå meir oppmerksam, samt må arbeide meir aktivt og bevisst (Drugli, 2013, s. 148). Tvert imot kan personalet ha synspunkt som kan forhindre at barnehagen vurderer eiga rolle i tilpassinga mellom barn og barnehagen på ein kritisk måte. Nyare kunnskap og forsking viser at barns åtferdsvanskar kan starte i overgangar, blant anna når barnet skal begynne i barnehagen (Drugli, 2013, s. 148). Dette perspektivet var fråverande hjå Siv og Hedda, som sjølvsagt kan vere av ulike grunnar. På den måten presenterte dei to informantane å ha ei viss avmakt ovanfor utagerande åtferd. Slik formidla Hedda og Siv at åtferda var noko barnet kom i barnehagen med, og som personalet måtte handle ut i frå. Ettersom den utagerande åtferda som regel låg i enkeltbarnet sjølv eller vart framkalla i heimen, var Siv og Hedda med å opprette ei reaktiv og ikkje ei proaktiv haldning til utagerande barn (Drugli, 2013, s. 148). Vi kan med andre ord seie at barnehagen vil kunne fungere både som ein risikofaktor og som ein beskyttelsesfaktor for utvikling av utagerande åtferd (Drugli, 2013, s. 136).

5.3 Inkluderande fellesskap, ekskludering og segregering

Alle informantane gir poengterer at eit inkluderandes fellesskap er essensielt i arbeidet med utagerande barn. Barnehagen til Siv har erfaring med at utagerande barn har godt utbytte av å vere

ute, då dei får sleppe ut deira indre uro. Dette kan tenkjast då det er ei større aksept for herjing ute enn inne. Forsking viser at aktivitet og leik ute ikkje berre er positivt for det motoriske og fysiske, men også for det sosiale, kognitive og emosjonelle (Hagen, 2015). Martin opplev det er mindre konfliktar blant barn ute enn inne. Kan dette vere på grunn av bevegelsesfreiheita og moglegheita til å utfolde seg meir? Grande (2019) viser til forsking som syner at barn på lite areal gir mindre rom for at barna kan trekkje seg tilbake aleine, eller i mindre grupper (Grande, 2019). Dette viser at ute er det lettare å dele opp i grupper, som også er viktige element informantane trekk fram. Det at barnehagar organiserer dagleg uteleik og bortrepass, kan difor vere faktorar for ein betre barnehagekvardag for utagerande barn (Grande, 2019).

Alle seier dei har erfaringar der utagerande barn blir ekskludert av andre barn. Hedda seier «visst ein ikkje fangar opp dette, kan utagerande barn få ei kjensle av å ikkje bli akseptert, som igjen kan vere ein faktor for at den aggressive åtferda utviklar seg og blir verre. Vidare kan dette gi utslag i eit dårleg sjølvbilete». Som Kinge (2015, s. 35) hevdar vil barn alltid utvikle sjølvbilete i samspel med andre barn og vaksne, og erfaringar i dette samspelet, vil danne grunnlaget for barnets oppfatningar av eiga verdi. Dette betyr at utagerande barn vil bli ekstra sårbare i danninga av sjølvbiletet, og dei vil trenge andre sin anerkjenning og merksemrd meir enn andre barn (Kinge, 2015, s. 35). Avvising av jamnaldrande er ein stressfaktor i barns liv (Drugli, 2013, s. 126). Andre barn kan fort avvise det utagerande barnet på grunn av det høge aggressjonsnivået (Drugli, 2013, s. 126). Barna kan bli skremd eller eventuelt oppleve valdelege situasjonar. Dette kan få store konsekvensar for det utagerande barnet fordi det mistar mykje av ein svært viktig arena for sosial læring (Drugli, 2013, s. 126). Ettersom utagerande barn ofte blir avvist av jamnaldrande barn, resulterer dette i at dei søker vennskap hjå barn med same aggressjonsnivå. Dette fordi dei møter aksept for den aggressive åtferda til kvarandre. I neste omgang vil dette kunne føre til ei auking og forsterking av den irrasjonelle åtferda dei allereie har, samt lære ny antisocial åtferd (Drugli, 2013, s. 126). På same måte hevdar Drugli (2013) at personalet skal vere svært oppmerksam på barn som ikkje er så godt likt av andre barn, sjølv om dei ikkje er direkte avvist (Drugli, 2013, s. 128). Dette er barn som kan komme til å utvikle utagerande åtferd og som truleg har behov for tiltak for å førebyggje ei slik problemutvikling. Forsking viser at utagerande jenter føler seg langt meir einsame enn utagerande gutter (Drugli, 2013, s. 128). Drugli (2013) påpeiker dette er fordi aggressjon hjå jenter er mindre akseptert enn blant gutter, og at jamnaldrande endå lettare avviser jenter enn gutter (Drugli, 2013, s. 128). Samla sett kan desse teoriane vere nyttige når tilsette skal prøve å forstå korleis ekskludering, avvising og mobbing kan verke inn på eit barn. Det forklrar nødvendigheita av å skape plass for alle i leikemiljøet, handtere utestenging og mobbing, samt jobbe for eit inkluderande fellesskap.

Martin har erfart at utagerande barn blir ignert og ekskludert av tilsette. Dette problemet var fråverande hjå Siv og Hedda. Dei har ikkje erfaring med tilsette som ekskluderer eller ignorerer utagerande barn. Kva kan grunnen til det vere? Er det fordi Siv og Hedda arbeider i barnehagar som har nulltoleranse for ekskludering eller fordi det er vanskeleg å innrømme? Forsking viser nemleg at utagerande barn har ein tendens til å bli dårlegare likt av tilsette (Drugli 2013, s. 141). Slik får utagerande barn mindre fagleg og sosial støtte, mindre positiv tilbakemelding og langt meir negativ tilbakemelding i motsetning til andre barn i barnehagen (Drugli, 2013, s. 141). Dersom tilsette ser på enkeltbarnet som utfordrande kan dette resultere i å bli eit stempel og stigmatisering av enkeltbarnet (Kinge, 2015, s. 10). Positiv relasjon til tilsette vil for utagerande barn føre til større grad av aksept frå jamnaldrande barn (Drugli, 2013, s. 143). Dette kan forklarast ved at barn ser på tilsette som rollemodellar. Utagerande barn vil utfordre personalet meir enn andre barn, og difor vil dei ha eit behov for å møte tilsette som både kan takle konfliktar og inngå i ei nær relasjon med barnet. Slik kan personalet sin relasjon til det utagerande barnet bli ein beskyttelsesfaktor for den vidare utviklingsprosessen til barnet (Drugli, 2013, s. 143). Det at Martin har erfart dette kan føre til at han er meir oppmerksam når det gjeld ekskludering av tilsette, medan Siv og Hedda som ikkje har erfart dette er kanskje ikkje klar over at det eingong skjer? Drugli (2013) påpeiker at studentar som skal jobbe i barnehage og skule, bør førebu seg på dei utfordringane utagerande barn kan skape inn i samspelet, slik at dei blir i stand til å arbeide med å etablere ei trygg og støttande relasjon til desse barna (Drugli, 2013, s. 143).

5.4 Tiltak, kartlegging og tverrfagleg samarbeid – kva er konsekvensane av personlet sine synspunkt og prioriteringar?

Siv seier dei fokuserer mykje på å kartlegge dei positive sidene med det utagerande barnet, ikkje berre det negative. Dette støttast av Drugli (2013, s. 72) som seier det er viktig å kartlegge barnets positive sider og beskyttelsesfaktorar for å få eit heilheitleg bilet av barnet og kva ein kan spele på i eventuelle tiltaksarbeid. Ingen barn er berre utagerande: barnet har mange sider. Problemet med utagerande barn er at enkelte tilsette dei omgås med, blir så opptatt av den utagerande åtferda at andre kjenneteikn med barnet, spesielt dei positive, blir oversett visst ein ikkje går inn for å avdekkje desse (Drugli, 2013, s. 72). Som konsekvens kan dette gå hardt utover barnets sjølvverd og sjølvkjensle, dersom det berre får merksemrd for den negative åtferda (Drugli, 2013, s. 73). Hedda har eit høgt fokus på tryggheitssirkelen, då nærleik og tryggleik ofte er det som skal til. Dette hevdast av Kinge (2015, s. 93) som seier engasjement, nærleik og tryggleik ofte kan vere tilstrekkelege tiltak. Emil i Lønneberget er eit døme på dette (Kinge, 2015, s. 59). Kva er årsaken til at Alfred er ein så viktig person for Emil? Jo, Alfred er der uansett. Han kjeftar ikkje, straffar ikkje og dømmer ikkje når Emil har gjort sine påfunn og sprell (Kinge, 2015, s. 59). Alfred ser forbi Emil sine handlingar og

trøyster når han har hamna i problematiske situasjonar. Kanskje sit Emil og Alfred seg ned for å spikke litt utan at dei treng å seie noko. Alfred roar ned situasjonen (Kinge, 2015, s. 59). Emil er ein fin gut og vil ikkje gjere noko gale, men han har så mykje energi at det ofte resulterer i handling før tenking (Kinge, 2015, s. 59). Alfred er eit bevis på at støtte og god omsorg gjer seg gjeldane ved å vere tilstades når det trengst.

I barnehagen til Martin brukar dei mykje tid på å drøfte i avdelingsmøter slik at alle får bidra med tankar og refleksjonar basert på tiltak (Drugli, 2013, s. 89). Arbeid med utagerande åtferd er komplisert, og ingen fagperson bør stå med dette arbeidet aleine. Dersom fleire er involverte i ei sak, er det lettare å ta avgjelder om eventuell tilvising til andre instansar (Drugli, 2013, s. 90). Det Martin seier kan også argumenterast av Hansen (2014, s. 7). Å arbeide med saker som treff oss kjenslemessig er vanskeleg. Det utfordrar personalet profesjonelt, etisk, medmenneskeleg og personleg. Ingen klarar å stå i dette aleine og viser til viktigeita av samarbeid innanfor dette utfordrande feltet (Hansen, 2014, s. 7). Det å vere samkøyrd og ha eit godt personalsamarbeid er viktig for personalgruppa, men aller mest for barnet. Barnet vil føle tryggleik og forutsigbarheit ved ei samstemt personalgruppe. Visst ikkje vil det bli utrygt for barnet (Drugli, 2013, s. 72). Siv og Martin har hatt fleire situasjonar med tverrfagleg samarbeid knytt til utagerande barn. Begge syns tverrfagleg samarbeid har vore til stor hjelp og har heva kvaliteten i barnehagen, samtidig som barnet får hjelpe den treng. Dette støttar opp Drugli sine synspunkt om tverrfagleg samarbeid. Ho legg fram at utagerande åtferd kan vere eit komplekst problem, som krevjast høg kompetanse innanfor arbeidet med slike barn (Drugli, 2013, s. 175).

Siv seier dei fokuserer mykje på kos-sirkelen. Ho legg fram at personalet ikkje skal ha ei innstilling som tilsvrar at utagerande barn skal holde kjeft. Dette kan koplast opp med Hollands synspunkt om ros. Holland vedtek at ros er fem gonger så viktig som grensesetjing. Visst grensesetjing skal ha effekt, må personalet ha investert mykje ros i «banken» hjå det utagerande barnet (Holland, 2013, s. 117). Ros er igjen ein viktig faktor for tillit og god relasjon. Utan god relasjon vil konsekvensen vere at personalet mislykkast med å setje grenser, samtidig som den irrasjonelle åtferda kan låse seg og bli forsterka (Kinge, 2015, s. 39). Likevel er det viktig å ikkje gløyme grensesettinga heilt. Kinge (2015) hevdar at grensesetjing er med på å skape tryggheit, medan grenselausheit gir inga tryggheit (Kinge, 2015, s. 19). Vidare vil det å gi ros i nærvær av andre barn og vaksne vere ein god regel. Barnet føler då direkte meistringskjensle og blir eit førebilete for dei som er til stades.

Martin har høgt fokus på grundige observasjonar av utagerande barn. Dette støttast av Sollesnes (2018) som legg fram at alle barn kan i periodar slite med vonde tankar og kjensler som dei ikkje

klarar å handtere på ein adekvat måte i sosiale og strukturerte situasjonar (Sollesnes, 2018, s. 35). Drugli (2013, s. 59) seier det er viktig å undersøkje i kva kontekst barnets utagerande åtferd oppstår. Den som vurderer barnet må ta omsyn til at det kan vere faktorar i barns miljø som utløyser åtferda, og at ein må iverksetje tiltak ut ifrå dei nivåa. Det blir heilt feil dersom personalet individualiserer barnets åtferd visst dei har ei klar årsak som ligg utanfor barnet, som til dømes mobbing, omsorgssvikt, seksuelt misbruk eller andre miljøfaktorar (Drugli, 2013, s. 50). Gjennom å arbeide med desse vanskane hjå barn mens dei er små, kan ein hindre at vanskane får utvikle seg (Fandrem & Roland, 2013, s. 25). Vidare er dette eit godt argument for tidleg innsats. Martin har erfart at innsats og førebygging spelar inn i arbeidet med utagerande barn. Hedda fortel ein ofte kan vere flinkare til å handle tidligare og ikkje sitje på gjerdet å vente. Dei understrekar at problematisk åtferd startar i tidleg alder og at tiltak har større positiv effekt jo tidligare dei setjast inn. Fandrem og Roland argumenterer for at tidleg innsats i barnehagen kan vere med på å hjelpe det utagerande barnet, samt gjere overgangen til skulen lettare (Fandrem & Roland, 2013, s. 29). Dette beviser nødvendigheita med tidleg innsats og av at det blir etablert samarbeidsrutinar mellom barnehage og skule, då alle barn, men spesielt utagerande barn treng tett oppfølging denne fasen (Fandrem & Roland, 2013, s. 26).

Vil det seie at det held med kartlegging og tiltak? Kinge (2015) hevdar at barnehagen er barnet sin spegel. Eit spegel der barnet ser seg sjølv og erfarer kven dei er. Barnet spelgar si eiga verdi (Kingé, 2015, s. 46). Er barnet likt? Er det godt nok? Er det elskar? Godtatt? Verdsatt? Og viktig for fellesskapet? Barnet speglar seg i personalet sine utrykk, haldningar, handlingar og blikk. Kinge (2015) fastslår at dersom kartlegging og tiltak tek mesteparten av personalet si tid og oppmerksamheit, sviktar dei barnets grunnleggjande behov – nemleg å bli sett for den dei er, ikkje berre kva det *gjer, kan og presterer* (Kinge, 2015, s. 47). I tillegg til forventningar om kva barn til ei kvar tid skal ha oppnådd av ferdigheiter og kunnskap, lev barn i ei tid med eit høgt forventningspress. Barns som veks opp i dag, lev med eit krav om meistring og suksess som ein kanskje aldri har sett tidligare (Kinge, 2015, s. 44). Det er kanskje ikkje tilfeldig at det nettopp i vår tid blir retta stor merksemd mot forhold som fråfall frå skule, sjølvmord, sjølvskading og auka psykisk belastningar blant barn og unge (Kinge, 2015, s. 44). Drugli (2013) hevdar at utagerande barn som ikkje får hjelpa dei treng, kan ha auka risiko for å utvikle ulike formar for psykiske vanskar, valdeleg åtferd, rusproblem, droppe ut av skule, vanskar med å skape relasjonar og arbeidsliv i vaksen alder (Drugli, 2013, s. 12). Dei utfordringane og vanskane som barn opplev seinare i livet, må etter mi meining sjåast i samanheng med tidlegare opplevelingar. Med ei slik forståing er det naturleg at personalet stiller seg spørsmålet om kva verdiar dei vidareformidlar og kva dei vektlegg i det daglege arbeidet (Kinge, 2015, s. 45).

Til slutt vil det vere nødvendig å nemne at vi no oppheld oss i ein pandemi. Covid-19 har utfordra alle. Erfaringsmessig seier Siv at pandemisituasjonen noko uventa og har ført til positiv effekt i barnehagen. Det har vore heilt nødvendig for alle barnehagar å styrke bemanning grunna nasjonale føringar og retningslinjer. Styrka bemanning og oppdeling i kohortar inne og ute fører til at personalet arbeider tettare på og med færre barn. På den andre sida har pandemien ført til periodevis nedstenging. Kan det få uheldige konsekvensar for det utagerande barnet? Når barnehagen opna opp att, var det fullt fokus på smittevern, hygiene og avstand. Har tilsette klart å gi nødvendig omsorg til det utagerande barnet? Det har vi ikkje svar på i dag.

6.0 Avslutning

I denne bacheloroppgåva har det blitt presentert forsking, teori og empiri som syner at utagerande åtferd er nødvendig å vere førebudd på å møte i yrkeslivet. Temaet har vist seg å vere svært samansett og komplisert. Det er eit vidt omgrep som kan oppstå av særsla mange grunnar som sorg, traume, omsorgssvikt med meir. Mykje kan ligge bak ei utagerande åtferd og det er varierande korleis den kjem til syne. På barnehagetrinnet må ein ofte leve med at årsaken til barns utagerande åtferd ikkje blir avklart. Uansett årsak vil barnehagetilsette kunne bidra positivt til utagerande barn gjennom ei anerkjennande og empatisk tilnærming. Likevel er det eit tema som tilsette bør ha god kunnskap om, og bør fortsette å lære om, då ein aldri blir utlært. Relasjonskompetansen til personalet er avgjerande i arbeidet med utagerande barn. Utagerande barn som ikkje blir forstått eller får den hjelpa dei treng, kan ha auka risiko for å utvikle ulike formar for psykiske vanskar, valdeleg åtferd, rusproblem, droppe ut av skule, vanskar med å skape relasjonar og arbeidsliv i vaksen alder. Barnehagen står difor ei særstilling når det gjeld å avdekke utagerande barn. Gjennom eit samsvarande og systemretta arbeid kan personalet hjelpe det utagerande barnet og sørge for at det blir best mogleg rusta til resten av livet. Barnehagetilsette kan vere den hjelpa som kan endre eller betre forholdet i livet til mange barn. Nærleik, tryggleik og engasjement kan vere tilstrekkelege tiltak. Vi kan alle vere ein «Alfred».

7.0 Litteraturliste

Alver, V. (2019). *Lærerrommet: Timeout i barnehagen, en krenkelse?* Henta frå:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/larerrommet-timeout-i-barnehagen-en-krenkelse/>

Amundsen, B. (2017). *Når barn stenges ute i barnehagen.* Henta frå:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/nar-barn-stenges-ute-i-barnehagen/>

Aubert, V. (1985). *Det skjulte samfunn.* Universitetsforlaget.

Bae, B., & Waastad, J. (1997). *Erkjennelse og anerkjennelse.* (4. opplag) Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving.* (6. utgave). Oslo: Gyldendal

Drugli, M. (2013). *Atferdsvanskar hos barn. Evidensbasert kunnskap og praksis.* Oslo: Cappelen Damm

Fandrem, Fuglestad, Løge, Roland & Westergård (2013). *Barn i utfordringer. Systemtenking og tidlig innsats i pedagogisk arbeid.* Fagbokforlaget.

Gjertsen, P. (2013). *De usynlige barna.* Fagbokforlaget

Grande, R, T. (2019). *Ny rapport: Slik kan skolegården gjøre barn og unge mer fysisk aktiv.* Henta frå:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/ny-rapport-slik-kan-skolegarden-gjore-barn-og-unge-mer-fysisk-aktive/>

Haagen, L, T. (2015). *Hvilken innvirkning har barns fysiske utedmiljø på barns lek og de ansattes pedagogiske praksis i eterommet.* Henta fra: <https://utdanningsforskning.no/artikler/hvilken-innvirkning-har-barnehagens-fysiske-utedmilo-pa-barns-lek-og-de-ansattes-pedagogiske-praksis-i-uterommet/>

Hansen, L. (2014). *Sårbare barn i barnehagen. Den lille boken om de store svikene.* Kommuneforlaget.

Jacobsen, D. I. (2017). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse- og sosialfagene.* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Johansson, E & Johannesen, N. (2015). *Hva er en god barnehage for de minste?* Henta frå:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/hva-er-en-god-barnehage-for-de-minste/>

Kinge, E. (2015). *Utfordrende atferd i barnehagen.* Oslo: Gyldendal forlag

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.* Hentet frå:
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Narum, A. (2016). *Hva kjennetegner den gode barnehagen?* Henta fra:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/hva-kjennetegner-den-gode-barnehagen/>

NOU 2005: 1 (2005) *God forskning - bedre helse.* Oslo: Statens forvaltningstjeneste.

Sollesnes, T. (2018). *Vellykket arbeid med vanskelig atferd.* Oslo: CAPPELEN DAMM AS.

Solveig Hoseth <https://utdanningsforskning.no/artikler/forsterket-oppfolging-i-overgangen-barnehageskole-for-barn-med-utfordrende-atferd/>

Rognsaa, A. (2018). *Bacheloroppgaven. Skriveråd og regler for utformingen.* Oslo: Univeristetsforlaget

Tholin, K. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere.* Fagbokforlaget

8.0 Vedlegg 1: Informasjonsskriv

Utagerande åtferd i barnehagen

Eg vil takke deg for at du har takka ja til å vere informant til mitt bachelorprosjekt. Eg går siste året på barnehagelærarstudiet ved Høgskulen På Vestlandet i Sogndal. Eg er no i gang med bacheloroppgåva mi som tek føre seg barn med utagerande åtferd i barnehagen. Prosjektet mitt har eit formål om å samle erfaringar rundt barnehagelærarenas praksis knytt opp mot barn med utagerande åtferd. Eg syns dette er eit svært spennande og viktig tema som eg ønskjer å få meir kunnskap om før eg går ut i arbeidslivet. Det er eit tema som kan vere utfordrande og vanskeleg, men samtidig så utruleg viktig.

Formål

Formålet med dette bachelorprosjektet er å få auka kunnskap om korleis vi tilsette i barnehagen kan arbeide for at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag. Utagerande åtferd er reelt å møte på i barnehageyrket. Eg er nysgjerrig på å vite korleis ein jobbar opp mot desse barna og korleis ein kan førebygge/handtere slike situasjonar. Eg ser på barnehagen som ein av verdas viktigaste jobbar. Det er barnets første møte med verda, og personalet skal arbeide for at barna blir best mogleg rusta til skulegang og resten av livet. Det å sørge for at barn får eit godt grunnlag, samt god grunnmur til seinare i livet er ei viktig men krevjande oppgåve. Dette dannar utgangspunktet for bacheloroppgåva sin følgjande problemstilling:

«Korleis arbeider barnehagelærarar for at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?»

Denne problemstillinga vil eg svare på gjennom ein kvalitativ studie, der eg ønskjer å gjennomføre eit kvalitativt forskingsintervju. Grunnen til dette er for å samle opp erfaringar, opplevelingar, tankar og meningar rundt dette temaet. Ved å nytte kvalitativ metode går ein meir inn i djubden av temaet. Eg vil gjerne utføre intervjuet ansikt til ansikt, då det blir etablert ei sterkare relasjon og meir openheit rundt spørsmåla.

Kva inneberer det for deg å delta?

Visst du framleis ønskjer å delta i mitt bachelorprosjekt, inneberer det at du deltek i eit intervju. Det vil ta deg sirkja ein time. Personleg ønskjer eg at det skal krevje minst mogleg for deg å delta, slik at vi kan avtale å møtast på stad og tidspunkt som passar deg og din timeplan. Intervjuet skal berre vere mellom meg og deg, og all informasjon om deg vil bli anonymisert. For å sikre at eg siterar deg riktig og ikkje mistolkar informasjonen du gir, vil nytte lydopptak. Dette opptaket er det berre eg som skal høre, og det vil bli sletta når intervjuet er transkribert. I bacheloroppgåva vil alle dine bidrag av

informasjon bli anonymisert, slik at det ikkje kan sporast tilbake til deg.

Kontaktinformasjon

Om du ønskjer meir informasjon om bachelorprosjektet eller har spørsmål, kan du sende melding eller ringe meg på telefon: 93069558. Du kan også sende meg ein e-post på miriamlyngsetchristiansen@hotmail.com. Du kan likeeins kontakte min rettleiar dersom det er noko du lurer på: Merete Nornes Nymark (HVL) på telefonnummer 57676351, eller e-mail: merete.nornes.nymark@hvl.no

Med venleg helsing

Merete Nornes Nymark

Miriam Lyngset Christiansen

Rettleiar

Student

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *utagerande åtferd i barnehagen*. Eg samtykker til:

- Å delta i eit opent intervju
- At det blir teke eit lydopptak i høve studiet, som vil bli anonymisert og sletta etter at intervjuet er transkribert

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til bachelorprosjektet er avslutta, ca 4. januar 2021.

(Signert av informantdeltakar, dato)

9.0: Vedlegg 2: Pilotstudie

Innleiing

Informasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Tusen takk for at du ville stille opp. Det set eg stor pris på - Introduserer meg sjølv - Du og din arbeidsplass vil bli anonymisert - Er det noko du lurer på før eg startar?
Introduksjon av oppgåva	<ul style="list-style-type: none"> - Formålet med denne bachelor er å samle erfaringar rundt barnehagelærarenes praksis knytt opp mot barn med utagerande åtferd - Min foreløpige problemstilling er: Korleis arbeider barnehagelærarar for at barn med utagerande åtferd skal meistre barnehagekvardagen?

Hovuddel

Nr	Tema	Intervju - spørsmål
1	Innleiande spørsmål	<p>Kva stilling har du?</p> <p>Kor lenge har du jobba med barn og kvar?</p> <p>Har du oversikt over kor mange barn med utagerande åtferd du har jobba med?</p> <p>Kva ligg du i ordet utagerande åtferd?</p>
2	Tematiske spørsmål	<p>Ser du på utagerande åtferd som utfordrande? Eventuelt korleis?</p> <p>Kva vil du seie er forskjellen mellom «normal» åtferd og utagerande åtferd?</p> <p>Har du/dykk erfart utagerande barn i stor eller liten grad? Korleis grip dykk inn og handterer dette?</p> <p>Korleis jobbar dykk med å førebyggje dette?</p> <p>Har dykk hatt situasjonar der de har hatt tverrfagleg samarbeid med dette? (barnvernet eller andre samarbeidspartar)</p>

		Viss dykk har hatt situasjonar rundt dette, korleis har de teke det opp med foreldre?
3	Oppsummerande spørsmål	<p>Kva er dine tankar rundt utagerande åtferd i barnehagen?</p> <p>Føler du sjølv at dette er noko du har lite kunnskap om, eller kunne du tenkt deg å lære meir om dette?</p> <p>Er det noko meir du kunne tenkt deg å teke fram som ikkje har blitt teke opp?</p>

Avslutning

	<ul style="list-style-type: none"> - Tusen takk for at du ville stille opp til intervju og vere informant for meg. Det set eg stor pris på!
--	--

10.0 Vedlegg 3: Intervjuguide til ordinært intervju

Innleiing

Informasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Tusen takk for at du ville stille opp. Det set eg stor pris på - Introduserer meg sjølv - Du og din arbeidsplass vil bli anonymisert - Er det noko du lurer på før eg startar?
Introduksjon av oppgåva	<ul style="list-style-type: none"> - Formålet med denne <u>bacheloren</u> er å samle erfaringar rundt barnehagelærarens praksis knytt opp mot barn med utagerande åtferd - Min foreløpige problemstilling er: Korleis arbeider barnehagelærarar for å trygge at barn med utagerande åtferd får ein god barnehagekvardag?



Hovuddel

Nr	Tema	Intervju - spørsmål
1	Innleiande spørsmål	<p>Kva utdanning har du?</p> <p>Kva stilling har du?</p> <p>Kor lenge har du jobba med barnehagebarn? Har du eventuelt anna jobberfaring enn styrar i barnehage der du har arbeidd med barn?</p>
2	Omgrepsavklaring	<p>Kva ligg du i omgrepet utagerande åtferd?</p> <p>Kva vil du seie er forskjellen mellom «normal» åtferd og utagerande åtferd?</p>
3	Tematiske spørsmål	<p>Ser du på utagerande åtferd som utfordrande? Eventuelt korleis?</p> <p>Har du oversikt/tankar om kor mange barn med utagerande åtferd du har jobba med?</p>
		<p>Kva rutinar har dykk i forhold til handtering av utagerande barn?</p> <p>Korleis samkøyrer de at tilsette jobbar på lik måte opp mot det enkelte barn? (har erfart at tilsette ikkje alltid er einige om kva som er best/bestemt)</p> <p>Kva er viktige element for dykk som gjer at utagerande barn får ein trygg og god barnehagekvardag?</p> <p>Kvar kjem den utagerande åtferda frå, trur du?</p>

		<p>Korleis jobbar dykk med å førebyggje utagering?</p> <p>Har dykk hatt situasjonar der de har hatt tverrfagleg samarbeid med dette? (barnvernet eller andre samarbeidspartar)</p> <p>Viss dykk har hatt situasjonar rundt dette, korleis har de teke det opp med foreldre? Og opplev dei same utagerande åtferd heime?</p>
4	Oppsummerande spørsmål	<p>Kan du reflektere litt rundt omfanget av utagerande åtferd i barnehagen?</p> <p>Kva tenkjer du om handtering og prosedyrar i dykkar barnehage, noko som kunne vore endra?</p> <p>Føler du sjølv at dette er noko du har nok kunnskap om, eller kunne du tenkt deg å lære meir om dette?</p> <p>Er det noko meir du kunne tenkt deg å trekt fram som ikkje har blitt teke opp om dette temaet?</p>

Avslutning

- | | |
|--|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Tusen takk for at du ville stille opp til intervju og vere informant for meg. Det set eg stor pris på! |
|--|--|

